



# Musikk og livsmeistring 1



Emnet tek utgangspunkt i musikalsk aktivitet som middel til modning, livshandtering og psykisk velvære. Studentane skal få teoretisk bakgrunnskunnskap og praktisk trening i skapande og medskapande musikkaktivitet, samtidig som musikkaktiviteten vil vere utgangspunkt for refleksjon og drøfting. Det blir lagt vekt på potensialet for modning og samfunnsintegrering som kan fylgje med musikkaktivitetar.

## Studieinnhald

### Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga vil vere samlingsbasert, med tre konsentrerte bolkar gjennom semesteret. Kvar bolk vil gå frå torsdag til og med søndag. Arbeidet vil gå føre seg individuelt, i grupper og i plenum. Det blir gitt råd og vurdering undervegs av all oppgåveløysing gjennom studiet. Tidene for samlingane i MUS107 denne hausten blir: 10.-13. september 15.-18. oktober 12.-15. november Praktisk eksamen 15. november Levering eksamensrefleksjon 30. november

### Aktuelle yrke og vidare studium

**Studiepoeng / lengd:** 15 / 1 semester

**Opptakskrav:**

**Søknadsfrist:** i

Lokalt opptak

**Studiestart:** Haust

**Kontaktperson:** For spørsmål om opptak Studentsorvis 70 07 50 18  
studentsorvis@hivolda.no